Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 80

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Folkemedisin

Oppskr. av: A. Skåsheim

(adresse): Balestrand

Fylke: Sogn og Fjordane

Herad: Balestrand

Bygdelag. Strondi

Gard: Skåsheim

G.nr. 5 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja, det hev skift mykje. x)
2. Dei visste at sume sjukdomar kunde fengja – var smittsame. Mange togg tobakk, når dei gjekk inn til slike sjuke, og dei sputta heile tugga ut – straks dei kom ut att frå den sjuke.
3. Mange „bygdedoktarar" – og mange heimar hadde lækjeråder for hand til kvar tid.

Dei hadde stor tru på kamferbrennevin. Det var ofte so sterkt av tilsett kamfer at det var illt å drikka. Slikt brennevin nytta dei både til å drikka – og utvendes til smørning.

Dei tok blomen av pinekum – helst fyre jonsok – og hadde på brennevin. Det var rekna god lækjeråd for magen.

4. Ja, det var jamnast på store gardar – og ofte hjå embetsfolk. Dei hjelpte folk med lækjeråder

x) Sjå sida 8. –

16170

både til folk og beist –
5. Dei hjelpte kvarandre med lækje-
råder til einkvan reiste til byen
og der kunde venda seg til
eit apotek.
6. Kvae – harpeis – og tjöru nytta
dei i salve.
7 Treakke (Ol.) kokte dei ikkje her.
Dei kjöpte det på Krambudi.
Dei hadde det i kokt söt mjölk.
Det var godt for halsen.
8. Eg höyrde ofte nemt ordet
„dyvelstrik", men eg kan ikkje
gjeva nögnare upplysningar um
denne lækjeråd. –
9 Det laut vera kunnige folk
som samla råemne til lækje-
råder. Den som skulde laga
lækjerådi til samla jamnast rå-
emne sjölv etter den röynsla
han hadde fenge.
10. Dei hadde lækjerådene på glas
eller flaskor. Vokstrar turka
dei godt og göymde i pakkar.
Hjå ein bygdedoktor såg eg 1951
eit stort skap fullt av glas,
flaskor og pakkar.
11. Dei kjöpte og mangt
på apotek og nemnde det
medisin.
12. Eg höyrde ikkje at Kram-
karane selde lækjeråder. –
13. Dei hadde både uppskrifter –
og dei laga lækjerådene – etter
minnet – og etter skyn (skyn).
14 Mange hadde böker, som dei

nemde doktarbøker. Eg hev set nokre slike gamle bøker. Men eg kan ikkje minnast namnet. Mange av bygdedoktarane kunde sine uppskrifter utan bok. Dei var ofte traude med å gjeva upplysningar til andre um sin ~~kunskap~~ kunnskap. –

15 Einebær hadde dei stor tru på. Dei samla einebær, so dei hadde det heile året. Tvo einebær kvar morgon fyre bisken (frukost) vart rekna god lækjeråd mot krimsykja (förkjölelse). Dei togg einbæri godt – og svalde alt –,

Tankane på lækjedom var ofte blanda med overtru, og lækjerådene var so mange, at det er urådd her å taka med alt det eg veit um dette emne. Men det som eg fann verd å göyma hev eg skreve upp so det kan koma fram ein gong i skrifter etter meg. –

II Bygdelækjarar. –

A Lækjarane

16. Det var både kvinnor og menn. Det såg ut til at dei som arbeidde med det hadde ein sergionad.

17 Det kunde vera so ymse. Det hende at ei plassmannskona kunde mange gode lækjeråder. Ho

16170
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

må me koma i hug at mange plassmannsfolk var av gode bonde-ætter.
18. Mange av bygdedoktarane hadde fare vida og samla seg upplysningar mange stader.
19. Det var ofte ei sers hending som gjorde at dei tok til å lækja andre. Soleis kunde dei verta var at dei hadde ein gåvnad, som dei ikkje visste um.
20 På mange stader heldt dei kunnskapen um ymse lækjeråder uppe i ætti. Elles laut det vera hugen til å lækja som dreiv verket. Det var ikkje alltid at kjennskapen til lækjerådene gjekk i arv.
21. Born samla tidleg på blomar og blad, som dei trudde dei var lækjeråd i.
22. Ja, det hende ofte.
23. Dei som arbeidde med slikt vart kjende for sine lækjeråder, og dei som trengde hjelp kom til dei. Elles dreiv dei sitt vanlege yrke.
Men Jens Dragelien, x)
Dyrdal i Sogn var sers dugande: Han dreiv det mest som eit fast yrke. Han laut setja upp ei stova, som vart meir enn fullsett av sjuke folk. Dei kom ofte lange vegar og søkte lækjedom hjå han.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING x) Sjå sida 8.

16179

Han gjorde mange god ott av slike som ~~som~~ dei vanlege distriktslækjarane hadde sagt dei ikkje kunde gjera noko med.
24. Dei hadde ikkje løyve til å rekna seg vederlag for arbeidet. Det meste var sælebots arbeid – både bry og kostnad for han som hadde lækjerådi. Men stundom fekk dei gåvor frå slike som var mortne gode att.
25 Distriktslækjarane lagde ofte store vanskar i vegen for lækjerådar – på denne måte.
Jens Drægelien tok seg helst av slike som distriktslækjarane hadde sagt frå seg. Med slike sjuklingar fekk han arbeida i fred.
26. Dugande bygdelækjarar vart sedde upp til, og mange var takksame mot dei.
27. Distriktslækjarane truge dei med rettsforfylgjing. Men eg kjenner ikkje til at det vart sak i gamall tid.
28. Jens Drægelien dreiv si største lækjarverksemd 1860–1880. Til mat for dei sjuke nytta han mykje fersk fisk og han var dei ses dugande fjord-fiskar. – Han for og kringum på strendene og i fjelli og samla dei vokstrar som han hadde bruk for. –

16170
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

~~A Lækjarane~~ C

# B. Lækjeråd og lækjekurar

29. Dei nytta mest emne frå plantelivet. –
30. Ja, for det meste. Dei kjøpte og noko på apotek.
31. Dei hadde det i glas eller flaskor som dei gøymde i skåp eller kistor.
32. Ja, serleg etter 1890. –
33 Av reidskap var det lite dei hadde. Dei blanda medisinen med å tøma frå eit glas til eit. –
34 Uppskrifter kjende dei, men dei rekna mest på si egi røynsla
35 Til ymse lækjeråder var vatn godt, men dei hadde og stor tru på brennevin og gamalt rum.
36 I mange uppkomor rekna dei vatnet helsesamt. Der tok dei då vatn, når dei hadde bruk for det.
I Kvamme i Kvamsøy, Sogn var ei slik gamall kjelda, som dei nemnde Lind! Sjå Lind i norske stadnamn.
37. Ja, det hende ofte. Dei brukte kamferbrennevin, pirekum-brennevin og ryllik-brennevin. Dei nytta pepar-brennevin og ingefer-brennevin.

38. Ja, Jens Drægelien, sp. 23
39 Dei hadde knivar og saksr, og snippertar, når dei tok blod. Dei hadde og småe glas til det. = (Koppaglas).
40. Dei kjøpte det i byen.
41. Nei
42 Dei tok koppablod.
43 Snippert, glas og bomull.
44 Ja.
45 Ja, det gjorde dei mykje. Kjende karar å stogga blod var Gamle Hellen, Eitorn, og Dal-Elling, Hermansverk.
Ein gong var det ein mann som hadde skamhogge seg i Feios. Tri mann på ein sekstoring rodde det dei vann til Systrand (Hermansverk) og skulde henta Dal-Elling. Han gjekk med. Då dei kom ut på fjorden, att og skulde ro til Feios sa han til roarane: „No treng de ikkje ro so hardt. Blodet ha stoggå". Og so var det. —
46 Bygdedoktarane hjelpte for sjukdomar so langt dei kunde Spesialistar i ny meining var dei ikkje.
47 Sjå sp. 31 —
48 Eit lite medisin-skrin hadde dei ofte med seg. —

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

16170

C. Lækjarbøker.

49 Ja, mange av dei las mykje.

50 Bøkene var prenta både i Noreg og i Danmark.

51 Ukjent. –

52, Doktarbøkene sine hadde dei lite hug å låna ut.

53 På Dei Heibergske Samlingar, Amble i Sogn er mange slike bøker. –

Balestrand 1. mars 1961

A. Skaasheim.

Sp. 1.

Johannes Skaasheim, fødd 1816, gjekk i skinnbrok – og brukte ikkje underbuksa før 1847.

Då han arbeidde i skogen um vintrane hende det ofte at han med hendene grov snø ut or skinnbroki. – Såleis var det for dei fleste menn her på den tid. –

A. S. –

Sp. 23. –

Det fulle namnet var Jens Larson Drægeli 1816 – 1900. –

Han sa alltid um seg sjølv at han var naturlækjar. –

A. S. –

16170
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING